

# HARDING *Fest*

## Grunnlovsfeiring på Finse 17. mai 2016

Søker med dette om økonomisk bistand, storleik kr 20.000, til gjennomføring av storstilt grunnlovsfeiring på Finse 17. mai 2016 med eit musikalsk tingsverk med artisten Ugress. NRK har stilt seg positive til å dekkja grunnlovsfeiringa på Finse.



*Naturen som insoirasjon til tingsverket til Finse 17. mai.*

### **Tingsverk: "Oppdrag: Ninja-Nansen møter Star Wars-Sæverud"**

Hardanger åtgaum initierer eit unikt musikalsk tingsverk av nasjonalt format på Finse 17. mai 2016. Den vidgjetne artisten og lydkunstnaren Ugress (Gisle Martens Meyer) er hyrt inn for å presentera tingsverket **"Oppdrag: Ninja-Nansen møter Star Wars-Sæverud"**

Ugress laga i 2015 musikken til NRK-suksessen Oppdrag Nansen. Symfonisk orkester og elektroniske beats vart para saman med tradisjonelle norske instrument som seljefløyte, langeleik og hardingfele. Ugress lagde også et bestillingsverk for Festspillene i Bergen, kor musikken til nasjonalt ikon Harald Sæverud vart remixa og gjenskapt i elektronisk format.

Me kan la Gisle sjølv forklara metodikken sin:

*– Å gjenskapa klassiske verk i eige uttrykk er ein blanding av remix, forskning og tjuveri. Ein god mekaniker kan demontere ein bil fullstendig, for så å setja den saman igjen. Eg demonterer bilar så eg kan laga rakettar!*

For verket på Finse skal Ugress sette sammen en eksplosiv pakke nasjonalromantisk elektronika, basert på disse prosjektene, som får både fe, folk og isbre til å danse.

*Eg er ein*  
**HARDING**



*Ugress i kjent scenepositur, som elektronisk connoisseur med scenevenlege effektar!*

### **Om artisten:**

Gisle Martens Meyer er for mange hardingar kjent som mannen som laga "Lyden av Hardanger" i 2014, lyden av natur, folk, industri og framtida. Samt ein historisk traktorsymfoni på Bygdalarm same året.

For nordmenn generelt er han kjend som artisten Ugress, med internasjonale hits som Spider-Man Theme og Loungemeister. Sampling av lydar og kjærleik til det elektroniske feltet er vorte Ugress si greie og har gjeve bergensaren ei allsidig karriere.

For tida busett i Berlin, med Europa som arbeidsfelt lagar han alt frå tingingsverk til ballettar til musikk for NRK og Sony Playstation. Han er aktuell i 2016 med fremføringar på Festspillene i Bergen, premiere på egen forestilling under Oktoberdans og europeisk turnering med levande musikk til kinofilmer.

# HARDING *Fest*



## **Bakgrunn:**

Etter mange svært populære år med grunnlovsfeiring på Finse (fram til 1994), dalte populariteten. Tendensen har snudd etter at Noregs augo vart retta mot Finse og Hardangerjøkulen i samband med grunnlovsjubileet Hardanger 2014. Geir Botnen serverte då ein nasjonalromantisk hitparade frå eit flygel på Finsevatnet.



*Etter ein*  
**HARDING**

**Prosjektgruppe:**

Bygdagnist AS (prosjektleiar)

Maren Skjelde, Finse 1222

Rigmor Sæbø, Finsehytta

Bidragsytarar elles er Jøklagutane AS og Finse Røde Kors. Dette er einaste arrangementet i løpet av året kor eit samla Finsesamfunn står bak.

**Budsjett:**

Post	Sum	Merknad
<b>Inntekter:</b>		
Tilskot Ulvik herad	20000	
Bidrag Finsehytta	10000	
Bidrag Finse 1222	10000	
Bidrag Bygdagnist AS/Hardanger åtgau	10000	
Omsøkt HFK	30000	
<b>SUM</b>	<b>80000</b>	
<b>Kostnader:</b>		
Honorar tingingsverk	50000	
Administrasjon Bygdagnist	10000	
Lyd og produksjon	16000	
Reise og overnatting artist	2000	
Transport utstyr	2000	
<b>SUM</b>	<b>80000</b>	
<b>RESULTAT</b>	<b>0</b>	

**Kontaktinfo:**

AK Glück-Teigland

Prosjektleiar Hardanger åtgau

Dagleg leiar Bygdagnist AS

Tlf 91394506

[ak@bygdagnist.no](mailto:ak@bygdagnist.no)**Vedlegg:**

CV Gisle Martens Meyer